




INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

# DELÅRSRAPPORT

&

# REKNESKAP

2. kvartal 2012



## Styret si melding

### Kvartalsrapport pr. 30.06.2012

Rekneskapen for andre kvartal 2012 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi. Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2011. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Ved overgang til IFRS 01.01.2011 vart det utarbeida eit notat, "Overgang til IFRS prinsipp", som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS.

### Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 24,32 mill. pr. 30.06.2012, mot NOK 5,58 mill. pr. 30.06.2011. Auka rentenetto, auka inntekter på verdipapir, stor resultat effekt i samband med kjøp/overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS, låge tap og låg kostnadsvekst gjev eit betre resultat enn ved same periode i fjor.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.06.2012 var NOK 27,72 mill. mot NOK 5,19 mill. pr. 30.06.2011.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.06.2012 på 10,02 % og er det beste i banken si historie.

### Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,60 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein auke på 0,29 % sidan same tid i fjor. Grunna betre rentenetto og volumauke har netto renteinntekter auka med NOK 4,82 mill. samanlikna med 30.06.2011. Framleis er rentenettoen prega av auka konkurranse og pressa marginar.

### Driftsinntekter

Pr. 30.06.2012 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 6,01 mill. mot NOK 6,12 mill. pr. 30.06.2011. Utbytte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 17,97 mill. pr. 30.06.2012. Til same tid i fjor var det eit positivt bidrag på NOK 3,09 mill.

### Driftskostnader

Driftskostnadane er NOK 24,80 mill. mot NOK 24,21 mill. pr. 30.06.2011. Løns- og administrasjonskostnader er reduserte medan andre driftskostnader har auka. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,50 % pr. 30.06.2012 mot 1,47 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 30.06.2012 er 46,05 %. Den store reduksjonen samanlikna med i fjor skuldast hovudsakleg overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS. I tillegg har styret vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram som banken no ser effektane av.

### Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 30.06.2012 ført tap på utlån med NOK 1,34 mill. mot NOK 1,08 mill. til same tid i fjor. I løpet av andre kvartal 2012, har banken auka individuelle nedskrivningar med NOK 1,25 mill. og utgjer pr. 30.06.2012 NOK 12,06 mill. Gruppenedskrivningane har auka med NOK 0,50 mill. i andre kvartal 2012 og utgjer pr. 30.06.2012 NOK 7,00 mill. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,42 % og nedskrivning av grupper utgjer 0,25 % av brutto utlån pr. 30.06.2012.

### Utbyte / finansielle eigendelar tilgjengelege for sal

På grunn av overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS får banken eit svært godt ordinært resultat i andre kvartal 2012. Dette som ei følgje av at 80 % aksjane vart overtekne som utbyte og resultatført over ordinært resultat. Samstundes var det ei tilbakeføring av tidlegare oppskrivning over utvida resultat. Resultateffekten av desse transaksjonane er NOK 14,6 mill. på ordinært resultat i andre kvartal 2012.

### Kapitaldekning

Pr. 30.06.2012 var banken si kapitaldekning 15,72 % mot 16,71 % pr. 30.06.2011 og 16,98 % pr. 31.12.2011. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.800,64 mill. pr. 30.06.2011 til NOK 1.820,26 mill. pr. 30.06.2012.

### Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.06.2012 etter berekna skatt, vart NOK 22,20 mill. mot NOK 4,67 mill. pr. 30.06.2011. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.06.2012 utgjer avkastninga NOK 12,13 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

### Utlån

Sidan årsskiftet er utlåna auka med NOK 40,85 mill. til NOK 2.843,75 mill. Utlån til personkundar har auka med NOK 22,99 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 17,86 mill. Veksten dei siste 12 månadane er NOK 19,62 mill. eller 0,69 % på eiga bok. I tillegg yter banken NOK 402,23 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2012 er det ein auke i porteføljen på NOK 38,83 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 79,68 mill, eller 2,52 % pr. 30.06.2012. Samla vekst dei siste 12 månadane er NOK 87,03 mill. eller 2,75 %.

### Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 225,77 mill. til NOK 2.194,99 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 131,35 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 94,42 mill. Innskota siste 12 mnd. har auka med NOK 145,32 mill. eller 7,09 %. Innskotsdekninga pr. 30.06.2012 er 77,19 %.

### Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet gått opp med NOK 162,36 mill. til NOK 3.475,76 mill. pr. 30.06.2012, ein auke på 4,90 %.

### Utsiktene framover

Resultatet i andre kvartal 2012 er prega av betra rentenetto, betre avkasting på verdipapir, kontroll på utlåna og kostnadane samt overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS. Banken har likevel framleis utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret er nøgd med andre kvartal 2012 og har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

### Erklæring frå styret og adm. banksjef

Vi erklærer etter beste overtyding at halvårsrekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2012 er utarbeidd i samsvar i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkningar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC) og at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret og adm. banksjef meiner òg at halvårsrapporten gir ei rett oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden og kva slags verknad desse har på halvårsrekneskapen og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Årdalstangen den 14. august 2012.

*Siri Laqmannsås*  
Styreleiar

*Leif Åberge*

*Harald Blaaflat Mundal*

*Janne Dokken*

*Siv Enerstvedt*

*Egon M. Moen*  
Adm. banksjef

## Delårsrekneskap 2. kvartal 2012

						30.06.2012
						i % av gj.sn.
RESULTAT (i 1.000 kr)	2. kv.12	2. kv.11	30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011	forv.kap.
Renteinntekter	35.146	31.366	70.538	61.533	132.981	4,27 %
Rentekostnader	21.591	20.759	44.064	39.875	86.020	2,66 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>13.555</b>	<b>10.607</b>	<b>26.474</b>	<b>21.658</b>	<b>46.961</b>	<b>1,60 %</b>
Utbyte	21.071	2.480	21.371	2.701	2.810	1,29 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.518	3.427	7.001	7.430	15.242	0,42 %
Provisjonskostnader m.v.	585	710	1.146	1.456	3.025	0,07 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	-5.888	242	-3.397	388	-2.045	-0,21 %
Andre driftsinntekter	36	64	158	149	277	0,01 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>18.152</b>	<b>5.503</b>	<b>23.987</b>	<b>9.212</b>	<b>13.259</b>	<b>1,45 %</b>
Løn og generelle adm.kostnader	8.158	8.387	16.662	17.245	32.322	1,01 %
Avskrivningar på driftsmidler	898	1.052	1.807	1.945	3.952	0,11 %
Andre driftskostnader	3.040	1.895	6.330	5.023	10.486	0,38 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>12.096</b>	<b>11.334</b>	<b>24.799</b>	<b>24.213</b>	<b>46.760</b>	<b>1,50 %</b>
Tap på utlån	2.589	45	1.340	1.080	3.389	0,08 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>17.022</b>	<b>4.731</b>	<b>24.322</b>	<b>5.577</b>	<b>10.071</b>	<b>1,47 %</b>
Skattekostnad	569	670	2.122	911	2.629	0,13 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>16.453</b>	<b>4.061</b>	<b>22.200</b>	<b>4.666</b>	<b>7.442</b>	<b>1,34 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
Pensjonskostnad	0	0	0	0	-1.249	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-11.172	2.292	-11.172	2.292	2.496	-0,68 %
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-11.172</b>	<b>2.292</b>	<b>-11.172</b>	<b>2.292</b>	<b>1.247</b>	<b>-0,68 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>5.281</b>	<b>6.353</b>	<b>11.028</b>	<b>6.958</b>	<b>8.689</b>	<b>0,67 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis</b>	<b>8,99</b>	<b>2,26</b>	<b>12,13</b>	<b>2,60</b>	<b>4,07</b>	
<b>BALANSE (i 1.000 kr)</b>						
<b>Eigendelar</b>			<b>30.06.2012</b>	<b>30.06.2011</b>	<b>31.12.2011</b>	<b>% av forv.kap.</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar			279.570	335.978	177.935	8,04 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			47.107	121.897	32.715	1,36 %
Utlån til kundar			2.824.689	2.802.186	2.784.392	81,27 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			201.455	196.685	206.347	5,80 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			80.854	69.323	69.527	2,33 %
Utsett skattefordel			3.125	3.268	3.125	0,09 %
Varige driftsmidler			37.503	41.065	38.940	1,08 %
Overtekne og andre eigendelar			1.457	1.164	421	0,04 %
<b>Sum eigendelar</b>			<b>3.475.760</b>	<b>3.571.566</b>	<b>3.313.402</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Gjeld og egenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar			212.275	223.434	223.511	6,11 %
Innskot frå kundar			2.194.993	2.049.676	1.969.222	63,15 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			691.385	866.384	741.655	19,89 %
Anna gjeld			13.703	78.325	20.682	0,39 %
Pensjonsforpliktingar			6.048	7.547	9.048	0,17 %
Ansvarleg lånekapital			131.782	131.603	133.231	3,79 %
<b>Sum gjeld</b>			<b>3.250.186</b>	<b>3.356.969</b>	<b>3.097.349</b>	<b>93,51 %</b>
Opptent egenkapital			150.109	143.202	151.616	4,32 %
Innskoten egenkapital			64.437	64.437	64.437	1,85 %
Udisponert overskot etter skatt			11.028	6.958	0	0,32 %
<b>Sum egenkapital</b>			<b>225.574</b>	<b>214.597</b>	<b>216.053</b>	<b>6,49 %</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>			<b>3.475.760</b>	<b>3.571.566</b>	<b>3.313.402</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>						
Garantiar			122.376	100.188	127.346	
Garanti Terra Boligkreditt AS			50.052	38.540	43.961	
Portefølje Terra Boligkreditt AS			402.228	334.824	363.395	

# Eigenkapitaloppstilling

## Eigenkapitaloppstilling pr. 30.06.2012

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
<b>Eigenkapital 01.01.2011</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>4.615</b>	<b>6.927</b>	<b>13.688</b>	<b>209.795</b>
Resultat etter skatt			2.411	2.621	2.410		7.442
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.735				-1.735
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			486				486
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.496	2.496
<b>Totalresultat 31.12.2011</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.162</b>	<b>2.621</b>	<b>2.410</b>	<b>2.496</b>	<b>8.689</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771			-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625					0
Utbetalt frå gåvefond					-660		-660
<b>Eigenkapital 31.12.2011</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>121.291</b>	<b>5.465</b>	<b>8.677</b>	<b>16.184</b>	<b>216.053</b>
Resultat etter skatt			22.200				22.200
<i>Utvida resultat</i>						-11.172	-11.172
<b>Totalresultat 30.06.2012</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>22.200</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-11.172</b>	<b>11.028</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2011				-1.266			-1.266
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					-241		-241
<b>Eigenkapital 30.06.2012</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>143.491</b>	<b>4.199</b>	<b>8.436</b>	<b>5.012</b>	<b>225.574</b>

## Eigenkapitaloppstilling pr. 30.06.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
<b>Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.791</b>	<b>608</b>	<b>3.361</b>			<b>185.197</b>
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
<b>Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.428</b>	<b>1.145</b>	<b>3.361</b>	<b>14.769</b>	<b>0</b>	<b>200.140</b>
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
<b>Årets totalresultat 2010</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.701</b>	<b>4.007</b>	<b>3.701</b>	<b>-1.081</b>	<b>0</b>	<b>10.328</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
<b>Eigenkapital 31.12.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>4.615</b>	<b>6.927</b>	<b>13.688</b>	<b>0</b>	<b>209.795</b>
Resultat etter skatt							4.666	4.666
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.292		2.292
<b>Totalresultat 30.06.2011</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.292</b>	<b>4.666</b>	<b>6.958</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771				-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-385			-385
<b>Eigenkapital 30.06.2011 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>2.844</b>	<b>6.542</b>	<b>15.980</b>	<b>4.666</b>	<b>214.597</b>



## Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

	2. kvartal 2012	2. kvartal 2011	2011
<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>			
Resultat før skattekostnad	24.322	7.869	10.071
Betalt skatt i perioden	-4.803	-317	-3.727
Ordinære avskrivningar	1.807	1.945	3.952
Postar over utvida resultat	-11.172	-2.292	-1.247
Endring pensjonar	-3.000	-919	582
Endring utlån	-40.297	-67.093	-49.299
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-11.236	-6	71
Endring innskot frå kundar	225.771	203.300	122.846
Endringer verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	4.892	2.339	-7.323
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-10.309	-9.368	-64.435
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>175.975</b>	<b>135.458</b>	<b>11.491</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	0	0	117
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-370	-640	-639
Utbetalningar ved kjøp av verdipapir tilgjengeleg for sal	-7.452	-100	-100
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-7.822</b>	<b>-740</b>	<b>-622</b>
<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	174.381	232.116	309.015
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-225.000	-128.000	-328.000
Utbetaling av utbyte	-1.266	-1.771	-1.771
Utbetalningar til gåver	-241	-385	-660
<b>Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-52.126</b>	<b>101.960</b>	<b>-21.416</b>
<b>Netto kontantstraum for perioden</b>	<b>116.027</b>	<b>236.678</b>	<b>-10.547</b>
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	210.650	221.197	221.197
<b>Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>	<b>326.677</b>	<b>457.875</b>	<b>210.650</b>
Denne er sett saman av:			
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>	<b>279.570</b>	<b>335.978</b>	<b>177.935</b>
<b>Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>	<b>47.107</b>	<b>121.897</b>	<b>32.715</b>





# Notar

## 1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 30.06.2012. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet andre kvartal 2012 vart vedteke av styret 14. august 2012.

## 2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for andre kvartal 2012

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendingsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

## 3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for andre kvartal 2012 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

## 4 Informasjon om prinsippendring

For informasjon om prinsippendring, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.







## 5 Transaksjonar med nærståande

i 1.000 kr

Tillitsvalde/leiar	Utlån	
	30.06.2012	30.06.2011
<b>Styret</b>		
Siri Lagmannsås, leiar	0	0
Leif Åberge, nestleiar	1.105	2.264
Siv Enerstvedt, medlem i 2012	741	
Harald Blaaflat Mundal, medlem	355	422
Janne Dokken, medlem	1.379	1.394
Sonja-Mari H. Atterås, medlem i 2011		668
<b>Sum styret</b>	<b>3.580</b>	<b>4.748</b>
<b>Leiande tilsette</b>		
Egon Moen, adm banksjef	2.058	2.057
Karin Vikane, ass.banksjef	600	600
<b>Sum leiinga</b>	<b>2.658</b>	<b>2.657</b>

## 6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.





## 7 Segmentinformasjon

### Utlånsfordeling

i 1.000 kr

	30.06.2012	30.06.2011	2011 +/-
Lønstakarar	2.226.282	2.193.553	22.991
Jordbruk, skogbruk, fiske	44.800	42.997	-546
Industri	20.865	23.721	-1.088
Bygg og anlegg	70.095	73.315	4.956
Handel, hotell, transport, tenester	163.529	205.423	4.904
Finansiering, eigedomsdrift	276.851	262.466	6.287
Offentleg forvaltning og andre	41.321	22.645	3.343
<b>Sum utlån før nedskrivningar</b>	<b>2.843.743</b>	<b>2.824.120</b>	<b>40.847</b>
Individuelle nedskrivningar	-12.055	-17.334	-51
Gruppevise nedskrivningar	-7.000	-4.600	-500
<b>Sum utlån til kundar</b>	<b>2.824.688</b>	<b>2.802.186</b>	<b>40.296</b>

### Innskotsfordeling

	30.06.2012	30.06.2011	2011 +/-
Lønstakarar	1.325.719	1.263.143	94.256
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	49.334	47.031	6.250
Industri	34.129	38.480	7.906
Bygg og anlegg	46.169	45.306	-5.043
Handel, hotell, transport, tenester	45.478	65.713	-9.144
Finansiering, eigedomsdrift	574.960	351.199	108.108
Offentleg forvaltning og andre	119.203	238.804	23.438
<b>Sum innskot</b>	<b>2.194.993</b>	<b>2.049.676</b>	<b>225.771</b>

## 8 Misleghald og tap på utlån

### a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011
<b>Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 30 dagar</b>			
Misleghald næringslivskundar	32.807	29.356	16.065
Misleghald personkundar	23.633	30.760	24.086
= Brutto misleghaldne engasjement	56.440	60.116	40.151
- Individuelle nedskrivningar	5.686	9.684	2.447
<b>= Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>50.754</b>	<b>50.432</b>	<b>37.704</b>

### Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

Misleghald næringslivskundar	27.991	18.389	10.010
Misleghald personkundar	20.865	29.163	16.481
= Brutto misleghaldne engasjement	48.856	47.552	26.491
- Individuelle nedskrivningar	5.686	9.684	2.547
<b>= Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>43.170</b>	<b>37.868</b>	<b>23.944</b>

### b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	23.791	15.646	40.357
- Individuelle nedskrivningar	6.369	7.750	9.557
<b>= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>17.422</b>	<b>7.896</b>	<b>30.800</b>

### c) Kostnadsførte tap gjennom året

	2. kv. 2012	2. kv. 2011	2011
Endring i individuelle nedskrivningar i året	-49	868	-4.562
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	500	-700	1.200
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	249	324	6.158
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	707	677	1.077
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	67	89	484
<b>= Tapskostnader i inneverande år</b>	<b>1.340</b>	<b>1.080</b>	<b>3.389</b>

### Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	12.004	16.466	16.466
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	249	324	6.158
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	357	2.661	3.162
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	3.444	300	3.783
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	3.501	1.769	5.249
<b>= Individuelle nedskrivningar på utlån</b>	<b>12.055</b>	<b>17.334</b>	<b>12.004</b>

### Tapsavsetninger på garantiar

**0                      100                      100**

### Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året

Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.500	5.300	5.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	500	-700	1.200
<b>= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån</b>	<b>7.000</b>	<b>4.600</b>	<b>6.500</b>

### d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	497	374	824
--	-----	-----	-----

## 9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	30.06.2012	30.06.2011	30.06.2012	30.06.2011	30.06.2012	30.06.2011	30.06.2012	30.06.2011
<b>Personmarknad</b>								
Låg	2.340.587	2.230.674	0	0	2.340.587	2.876.758	97,1 %	77,6 %
Normal	51.593	57.055	260	300	51.333	202.492	2,1 %	5,5 %
Høg	5.073	8.233	718	2.330	4.355	45.001	0,2 %	1,2 %
Problemengasjement	8.434	17.938	1.753	0	6.681	23.912	0,3 %	0,6 %
Ikkje klassifiserte	7.751	6.583	630	38	7.121	556.751	0,3 %	15,0 %
<b>Sum</b>	<b>2.413.439</b>	<b>2.320.483</b>	<b>3.361</b>	<b>2.668</b>	<b>2.410.078</b>	<b>3.704.914</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>
<b>Næringsliv</b>								
Låg	739.943	646.084	0	0	739.943	646.084	59,0 %	47,1 %
Normal	115.067	145.737	2.887	0	112.180	145.737	8,9 %	10,6 %
Høg	45.453	39.098	5.807	12.200	39.646	26.898	3,2 %	2,0 %
Problemengasjement	829	5.974	0	2.566	829	3.408	0,1 %	0,2 %
Ikkje klassifiserte	361.977	550.206	0	0	361.977	550.206	28,9 %	40,1 %
<b>Sum</b>	<b>1.263.268</b>	<b>1.387.099</b>	<b>8.694</b>	<b>14.766</b>	<b>1.254.574</b>	<b>1.372.333</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>
<b>TOTAL</b>								
Låg	3.080.530	2.876.758	0	0	3.080.530	3.522.842	84,1 %	69,4 %
Normal	166.661	202.792	3.147	300	163.514	348.230	4,5 %	6,9 %
Høg	50.526	47.331	6.525	14.530	44.001	71.899	1,2 %	1,4 %
Problemengasjement	9.262	23.912	1.753	2.566	7.509	27.320	0,2 %	0,5 %
Ikkje klassifiserte	369.728	556.788	630	38	369.098	1.106.956	10,1 %	21,8 %
<b>Sum</b>	<b>3.676.707</b>	<b>3.707.582</b>	<b>12.055</b>	<b>17.434</b>	<b>3.664.652</b>	<b>5.077.246</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.

## 10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2012	30.06.2011	31.12.2011	
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	0	200.871	0	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	0	150.064	150.217	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.645	164.413	164.580	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	0	75.507	75.650	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	150.177	100.347	100.401	3 mnd. NIBOR + 1,30 % 1)
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.098	100.061	100.113	3 mnd. NIBOR + 0,75 % 2)
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.177	75.121	100.229	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	51.375	0	50.465	Fastrente 3,60 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	124.913	0	0	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
<b>Sum sertifikat- og obligasjonslån</b>				<b>691.385</b>	<b>866.384</b>	<b>741.655</b>	
1) Utsteding av ytterlegare NOK 50 mill. 26.01.2012.						<b>50.270</b>	
2) Utsteding av ytterlegare NOK 25 mill. 28.07.2011.							
<b>Fondsobligasjonar</b>							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	39.844	39.767	39.796	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	34.114	34.267	35.694	Referanserente + 6 % 3)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.824	57.569	57.741	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 4)
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>131.782</b>	<b>131.603</b>	<b>133.231</b>	

2) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årleg effektiv rente på statskassevekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



## 11 Ansvarleg kapital

	i 1.000 kr		
<b>Kjernekapital:</b>	<b>30.06.2012</b>	<b>30.06.2011</b>	<b>31.12.2011</b>
Grunnfondsbevis	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	121.291	120.129	121.291
Gåvefond	8.436	6.542	8.677
Utjæmningsfond	4.199	2.844	5.465
Fondsobligasjonar	130.449	130.101	130.275
Frådrag	-42.738	-23.096	-20.465
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>286.074</b>	<b>300.957</b>	<b>309.680</b>
<b>NETTO ANSVARLEG KAPITAL</b>	<b>286.074</b>	<b>300.957</b>	<b>309.680</b>
<b>Eksponeeringskategori:</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	3.479	13.932	13.395
Institusjonar	93.058	44.148	82.429
Føretak	190.937	273.581	216.849
Massemarknad	0	19.029	10.571
Pantesikra eigedom	1.182.956	1.131.979	1.151.182
Forfalne engasjement	54.320	45.514	25.646
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.408	8.500	10.441
Andelar verdipapirfond	23.414	18.477	24.752
Andre engasjement	194.052	170.592	209.014
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	118.259	115.295	118.259
Frådrag	-51.625	-40.413	-38.225
<b>SUM BEREKNINGSGRUNNLAG</b>	<b>1.820.258</b>	<b>1.800.635</b>	<b>1.824.313</b>
<b>Kapitaldekning %</b>	<b>15,72 %</b>	<b>16,71 %</b>	<b>16,98 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning %</b>	<b>15,72 %</b>	<b>16,71 %</b>	<b>16,98 %</b>

## 12 Dei 20 største eigenkapitalbevisegarane

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2012 utgjer 47,58 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.06.2012					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	THU	8.683	1,37 %
TERRA UTBYTTE	46.700	7,38 %	LEIEPAKKING AS	8.000	1,26 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
ROGNE	27.526	4,35 %	MOEN	7.304	1,15 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIENDOM AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
WAHLSTRØM	11.000	1,74 %	CHRISTIANSEN	6.330	1,00 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	BERGLUND AS	6.000	0,95 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	WIKBORG	5.550	0,88 %
UTBYTTEKAPITAL AS	9.400	1,49 %	FJORD1 FYLKESBAATANE	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>300.942</b>	<b>47,58 %</b>

30.06.2011					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	48.200	7,62 %	THU LEIF MAGNE	8.683	1,37 %
TERRA UTBYTTE VPF	46.700	7,38 %	SPAREBANKEN VEST	8.650	1,37 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	MOEN EGON MOGENS	8.244	1,30 %
ÅRDAL STÅLINDUSTRI EIENDOM AS	23.000	3,64 %	LEIEPAKKING AS	8.000	1,26 %
ROGNE HELGE	18.111	2,86 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
WAHLSTRØM ERIK	10.500	1,66 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	BERGLUND AS	6.000	0,95 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	KRISTIANSEN ANTON	5.000	0,79 %
UTBYTTEKAPITAL AS	9.400	1,49 %	HUGIN INVEST AS	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>291.554</b>	<b>46,10 %</b>



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO